



KVINNHERAD
K O M M U N E

Politisk og administrativt sekretariat

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Grete Sandvik		2017/2071-6	«REF»	22.08.2017

Kjøp av kommunalt areal - del av 144/220 - Husnes

Formannskapet hadde saka føre i møte 17.08.2017 som sak 2017/52.

Vedlagt finn de utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

Med helsing

Bente Høyland
Utvalsesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Grethe Sandvik

Mottakarar:
Ataria AS
Coop Sørvest SA

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

Saksbehandlar

2017/2071-5

Grethe Sandvik

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2017/52	Formannskapet	17.08.2017

Sal av tilleggsareal, del av 144/220 til eigedom 144/218 Ataria AS og Coop Sørvest SA

Innstilling frå rådmannen:

1. Formannskapet gjev rådmannen fullmakt til å gjennomføre og avslutte sal av del av 144/220 som tilleggsareal til eigedom 144/218 snr 2 Ataria AS og snr 1 Coop Sørvest SA.
2. Vilkår for sal er at søkjar skal legge fram plan for utnytting av arealet, at det vert gjeve byggeløyve, samt at det vert sett 2 års frist for gjennomføring av tiltaket.
3. Vederlag for grunn vert ved snittet av to takster, indeksregulert fram til dato for overtaking.
4. Kjøpar tek alle kostnader i samband med kartforretning og overføring av eigedom.

Behandling i Formannskapet den 17.08.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 17.08.2017

1. **Formannskapet gjev rådmannen fullmakt til å gjennomføre og avslutte sal av del av 144/220 som tilleggsareal til eigedom 144/218 snr 2 Ataria AS og snr 1 Coop Sørvest SA.**
2. **Vilkår for sal er at søkjar skal legge fram plan for utnytting av arealet, at det vert gjeve byggeløyve, samt at det vert sett 2 års frist for gjennomføring av tiltaket.**
3. **Vederlag for grunn vert ved snittet av to takster, indeksregulert fram til dato for overtaking.**
4. **Kjøpar tek alle kostnader i samband med kartforretning og overføring av eigedom.**

Saksutgreiing:

Eigar av gnr 144 bnr 218 snr 2 Ataria AS har i mail av 18.05.2017 søkt om å kjøpa eit areal 5x30 m2 som tilleggsareal bak sin eigedom mot nord-vest. Arealet skal nyttast til parkering og utvendig bod for kontorseksjonen i Panorama senter. I mail av 14.06.2017 kom det i tillegg søknad frå gnr 144

bnr 218 snr 1 om kjøp av tilleggsareal til ansatt parkering og forbedring av eksisterende avfallshandtering frå butikken.

Formannskapet handsama 21.12.2006 sak 2006/107 «Tomtesal i Husnes næringspark». Pkt 16 i vedtaket seier: " Vidare tomtosal i Husnes sentrum og Husnes næringspark blir utsett til ny reguleringspark er utarbeidd. Forhandlingsutvalet får i oppgåve å styre prosessen, og aktuelle planløyningar skal drøftast med formannskapet. Når godkjent reguleringsplan ligg føre, skal det fremjast sak for formannskapet om vidare tomtosal."

Ny reguleringsplan for "Byen Husnes" vart godkjent av kommunestyrt 20.12.2012. I formannskapet 6.6.2013 sak 2013/64 vart det lagt fram sak om fastsetting av pris for grunn innafor reguleringsgrenser for "Byen Husnes". Vedtaket vart:

1. Tomtene skal takserast av ein autorisert takstmann.
2. Alle tomtene skal leggjast ut for sal på den opne marknaden og seljast til høgstbydande. Ved søknad om kjøp av tilleggsareal skal saka først opp til politisk handsaming i formannskapet.
3. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra salet av tomtene.

Formannskapet sitt vedtak om prisfastsetting pkt 2 viser til at alle tomter skal leggjast ut for sal på den frie marknaden. Dette vil vera lite tenleg i dette høvet sidan salet gjeld tilleggsareal til eksisterande utbygd næringseigedom. Fastsetting av pris bør gjerast ved snittet av 2 autoriserte takstar. Kommunen fekk i oktober 2013 utarbeid takstar innafor det omsøkte området. Snittet av takst for gnr 144 bnr 220; S13 var då kr 1000,-/m². Indeksregulering av takst frå oktober 2013 til mai 2017 gjer ein salspris på kr 1091,-/m².

For kvar einskild må gjelda at det før kommunen søker frådelling vert lagt fram konkrete planar for utnytting av arealet. Det må også setjast frist for gjennomføring av planen i tråd med "Retningsliner ved kjøp, sal og festing av fast eigedom og bustader" godkjent av kommunestyret 26.05.2011 .

Økonomisk konsekvens:

Salsinntekter vert inntektsført Prosjekt 4050 Sal næringsbygg/grunn.

Miljømessig konsekvens:

Ivareteke gjennom reguleringsplan

Vedlegg:

- Søknad Ataria AS og Coop Sørvest SA.
- Kartskisse